

## ÅRSMELDING LINDÅS BRASS, SESONGEN 2013-2014.



### **Medlemmar:**

Lindås Brass starta sesongen 2013/2014 med 28 faste medlemmar.

#### Desse var;

Kristian Eliassen, Sunniva Fonnes, Mali Ones, Vilde Gjerde, Irmelin Seljelid Larsen, Nordis Holmås, Stein Erik Ones, Ramona Baardsen Fjellanger, Konstanse Kvaalem Seljelid, Toril Ones, Kim Andre Mørner, Joachim Nævdal, Katrine Strandos, Kristin Helland Stråtveit, Magnus Ole Eide, Sissel Gaulen, Viviann Syslak, Line Fjellsende, Birgitte Gullaksen, Synnøve Spildrejorde, Karina Borgen Solen, Bjørnar Eide, Espen Kolås, Kjartan Myking Spjeldnes, Vegard Solvang, John Ove Feste Larsen, Agathe Eide, Bjarte Holmås.

I løpet av sesongen har me hatt nokre personar som har vore med på

prosjekt/konkurransar. Desse var;

Jon-Vegar Sole Sundal, Trine Gjerstad, Roar Soltveit.

Ingunn Feste og Kjellaug Seljelid Feste starta i Lindås Brass etter Siddis Brass.

#### Desse har slutta i løpet av sesongen/ved sesongslutt;

Kim Andre Mørner, Synnøve Spildrejorde, Viviann Syslak, Konstanse Kvaalem Seljelid, Vilde Gjerde, John-Ove Feste Larsen og Ramona Baardsen Fjellanger.

### **Styret 2013/2014 har bestått av;**

Leiar: Kristin Helland Stråtveit

Kasserar; Bjørnar Eide

Materialforvaltar: Stein Erik Ones

Styremedlem: Kjartan Myking Spjeldnes

Styremedlem: Karina Borgen Solen

Vara: Kim André Mørner og Viviann H. Syslak.

Styret har i løpet av sesongen hatt 6 møter. I tillegg har det vore nokre spontane møter/diskusjonar på øvingshelger og liknande. Styret har hatt eit godt samarbeid denne sesongen, både innad i styret og med dirigent.

## **Dirigent:**

Dirigent denne sesongen har vore Henrik-Juul Pedersen. Han kjem frå Danmark, og har brei erfaring innan brassband, både som dirigent, instruktør, komponist og arrangør.

## **Musikkutval:**

Musikkutval har bestått av Nordis Holmås, Birgitte Gullaksen, Magnus Ole Eide og dirigent .

## **Valnemd:**

Ny valnemd vart vald i juli-14. Desse er Karina Borgen Solen, Sissel Gaulen og Vegard Solvang.

## **Øvingar:**

Korpset har hatt 38 øvingar denne sesongen. Dette inkluderar vanlege onsdagsøvingar, ekstraøvinger før konkurransar og øvingshelger.

## **Konsertar:**

Korpset har delteke på 5 konsertar.

Dette var 50-års jubileumskonserten til Lindås Skulekorps i september, før-Siddis konsert i Salhus, Julekonsert i Lindås Kyrkje saman med Lindås Skulekorps og Kompass, før-NM konsert i Dalheim saman med Fjell Brass og Kleppe Musikklag og eigen basar/avslutningskonsert i gymsalen på Lindås Ungdomsskule i mars.

## **Konkurransar:**

Lindås Brass var som vanleg med i Siddis Brass og NM Brass.

I Siddis Brass spelte me Queenlåter; "Entering her Majestys Court", "You Take My Breath Away", "Another One Bites the Dust", "Bohemian Rhapsody" og "Finale".

Me deltok i 2. divisjon, og kom på delt 13.plass av 15 korps.

I NM Brass 2014 deltok me i 3.divisjon og fekk 7.plass av 15 korps.

Her framførte me «Firestorm» av Stephen Bulla.

## **Andre aktivitetar:**

Korpset har hatt 2 lotteri denne sesongen. Eit julelotteri og eit vårlotteri. Dette har vore god inntekt for korpset. Som avslutning på sesongen hadde me ein basar/konsert på Lindås. Ei fin avrundning på sesongen med kjærkomne pengar i kassen. Me har også hatt nokre medlemmer som har jobba dugnad på Utkantfestivalen 2013 og på Eggum/Sivertsen konsert i Lindåshallen i august 2013.

## **Øvingslokale:**

Sesongen 13/14 starta med at Lindås Brass øvde i Lintronbygget i Lindås Senter. I løpet av hausten 2013 fekk styret beskjed om at bygget skulle gjerast om til eit næringsbygg, og at me då måtte sjå oss om etter eit nytt lokale. Då gymsalen på Lindås barneskule var omgjort til barnehage, var det ikkje så mange lokaler som var aktuelle på Lindås. Mot nyttår fekk me i havn ein avtale med Lindås Ungdomsskule og bruk av gymsalen der. I romjula var det dugnad for å flytte alle tinga våre til ungdomsskulen, og ved oppstart etter nyttår var me i gang i gymsalen. Dette har vore eit eigna øvingslokale for korpset og me har hatt god dialog med rektor iht. bruk av gymsalen til øvingshelger, ekstraøvinger og konserter.

## **Økonomi**

Rekneskapen viser eit lite underskot. Me manglar ein del innbetalingar frå medlemmane. Dette betyr ekstra arbeid for kasserar med utsending av purringar. Dette skulle ikkje vore naudsynt i eit frivillig lag.

Me er avhengig av dei loddsala me gjer og basaren me har om våren, for å sikre drifta av korpset.

## **Diverse**

Styret opplever at korpset har hatt ein god sesong med ei fin musikalsk utvikling. Slik me ser det er trivselen i korpset god, ikkje minst takka vera dirigenten. Me har fått mange positive tilbakemeldingar på både hans arbeid og gode humør, og me er såleis glad for at han fortset vidare som dirigent for Lindås Brass.

Styret takkar medlemmane for innsatsen i sesongen 2013-2014.

For styret,

Kristin Helland Stråtveit,  
leiar.